
Fra: Helene M. Ohm <ohm@finnoy.kommune.no>
Sendt: 25. februar 2016 10:19
Til: Postmottak NFD
Kopi: Felles Finnøy Postmottak
Emne: Høyringsuttale havbruksfond

Førebels høyringsuttale – Forslag til innretning av havbruksfond

Ein viser til brev av 10.12.2015 frå Nærings- og fiskeridepartementet: Høring av forslag til innretning på havbruksfondet.

Finnøy kommune ynskjer å handsame høyringsuttalen politiske. Av praktiske årsaker er det først mogleg i formannskapet 9. mars. Men konklusjon og forslag til vedtak frå rådmannen vert oversendt som førebels høyringsuttale. Vedtaket vert ettersendt.

Førebels høyringsuttale:

Konklusjon:

Rådmannen støtter etableringa av eit havbruksfond som skissert i høyringsnotatet. Rådmannen rår til at Finnøy kommune sluttar seg til premissar for og avgrensinga av fondet samt innretninga på fondet. Rådmannen rår vidare til at ein modell med umiddelbar utbetaling til kommunane vil vere det mest hensiktsmessige alternativet for utbetaling av inntektene.

Forslag til vedtak:

Formannskapet i Finnøy kommune støtter etablering av eit havbruksfond som skissert i høyringsnotatet. Finnøy kommune sluttar seg til premissar for og avgrensinga av fondet samt innretninga på fondet. Finnøy kommune meiner at modell med umiddelbar utbetaling til kommunane vil vere det mest hensiktsmessige alternativet for utbetaling av inntektene.

Mvh,
Helene M. Ohm/
Rådmann